# Naturmøteplassen: Lage skilt

Ein naturmøteplass fortener eit fint skilt og kanskje det kan setjast eit lokalt og personleg preg på skiltet som passar til plassen?




VANSKELIGHETSGRAD
Vanskelig

KATEGORI
Natur

TIDSBRUK
Lang

FARGE
Blå

Les mer på 4h.no

## Beskrivelse av oppdraget

***I denne serien skal du gjera ulike oppdrag som dreier seg om naturmøteplassen. På ein naturmøteplass vert det lagt til rette for at barn og unge skal få lære å bruke naturen og verte glad i den slik den er, heilt naturleg. Naturmøteplassane er lokale arenaer for lågterskel aktivitetar innan natur og miljø. Eller enklare sagt: friluftsfolket sitt svar på ballbingar. Dei er opne, tilgjengelege og familievenlege, og er ein fysisk møtestad ved sjøen, på fjellet, i skogen eller på opparbeidde friluftsområde i nærmiljøet. Nokre av naturmøteplassane er universelt tilrettelagt.***

I dette oppdraget skal du laga eit skilt til naturmøteplassen.

**Du treng:**

- Ei stor treplate
- Sag
- Målebånd
- Treslipar
- Blåpapir
- Mal til tekst eller logo
- Svipenn eller malingsutstyr
- Annet valfritt dekor til skilta

**Fremgangsmåte:**

- Mål opp treplata du skal bruka og sag den til.

- Slip treverket så det blir glatt og utan flis.
- Legg blåpapir på treplata og tekn inn omrisset av teksten og/eller logoen som skal stå på skiltet.
- Du kan svi, male eller dekorere skiltet slik du ønskjer. Vi har brukt svipenn både for å gjere omrisset tydelig og for å dekorere skiltet. Hugs: Ulike nåler gjer ulik strek.
- Heng opp skiltet på naturmøteplassen.

Lykke til!